

Erlend Trones
Stryteberg 2
5781 LOFTHUS
erlendtr@gmail.com

25. mars 2022

Språkrådet
post@sprakradet.no

Høyringsvar – rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk februar 2022

Eg syner til høyringsnotatet *Forslag til rettskrivningsendringar i bokmål og nynorsk februar 2022*, der Språkrådet føreslår ein del endringar i nynorsk- og bokmålsrettskrivinga. Eg har merknader til eit par av punkta der, nærmare bestemt pkt. 3.2.2.4, som gjeld inkjekjønnsord på *-um*, og pkt. 4.3.1, som gjeld samansetningsfuga *-a/-an-* når førelekken er eit retningsadverb.

Pkt. 3.2.2.4 «Endringar som gjelder intetkjønnsord på -um (ikke -eum og -ium)» på bokmål

I dette avsnittet reagerer eg på inkonsekvensen i fleirtalsbøyinga som er føreslegen i underpunkt d), e) og f), som har slik ordlyd:

d) Ordet spektrum får denne bøyinga: spektrum – spekteret/spektrumet – spektre – spektera/spektrene.

e) Ordet sentrum får denne bøyinga: sentrum – senteret/sentrumet – sentra/sentre – sentera/sentraene/sentrene.

f) Ordet monstrum får denne bøyinga: monstrum – monsteret/monstrumet – monstre – monstera/monstrene.

Her vert det dels manglande samsvar mellom fleirtalsformene i ubunden form og bunden form viss Språkrådet sitt framlegg går gjennom. Kombinasjonen av fleirtalsformene *spektre – spektrene, sentra – sentraene, sentre – sentrene* og *monstre – monstrene* er uproblematisk. Men dersom ein vil bruka formene med a-ending i bunden form fleirtal, vert ein etter dette framlegget nøydd til å nytta desse kombinasjonane i ubunden og bunden form: *sprektre – spektera, sentre – sentera* og *monstre – monstera*.

Dersom eg hadde sett nokon kombinera dei sistnemnde formene i ein tekst, hadde eg tenkt at forfattaren hadde usikker stil- eller systemkjensle, og at det måtte vera ein feil, ikkje at det var del av ei normert rettskriving.

I desse tilfella må det anten verta verande lov å bruka dei samandregne formene i bunden form fleirtal, slik som i dag, altso *spektra, sentra* og *monstra*, ev. må ein tilsvarande innføra *spekter, senter* og *monster* som tilhøyrande former i ubunden form fleirtal, slik at ein anten får kombinasjonen *spektre – spektra, sentre – sentra* og *monstre – monstra*, eller *spekter – spektera, senter – sentera* og *monster – monstera*. Noko anna ville vera eit uryddig blandingsystem.

Pkt. 4.3.1 Samansetningsfuge når førelekken er eit retningsadverb

Språkrådet foreslår at retningsadverb som førelekk skal ha fuga *-an-* føre vokal og valfridom mellom *-a-* og *-an-* føre konsonant. Dette punktet i høyringa inneheld eit forsøk frå Språkrådet på å endra det som vart bestemt ved rettskrivingsreforma i 2012. Då vart det fastsett fylgjande, jf. s. 151 i *Ny rettskriving for 2000-talet*:

*Alle retningsadverb får -an- som samansetjingsfuge: utanfor, austanfor.
Samansetjingsfuga -a- i preposisjonar og adverb går ut or rettskrivinga.*

Denne avgjerda frå Riise-nemnda var i samsvar med mandatet deira, som var å koma fram til «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer». Riise-nemnda lukkast diverre i liten grad elles med å oppfylla mandatet sitt, for i sum vart resultatet av arbeidet ei utviding av hovudnorma, dvs. av den rettskrivinga som det offentlege og lærebokforfattarar må halda seg innanfor. Men punktet med fuger etter retningsadverb var eitt av få stader der Riise-nemnda faktisk gjorde eit vedtak som var i samsvar med mandatet om å innføra «ei tydeleg, enkel og stram norm». Døma i sitatet ovanfor, «*utanfor, austanfor*», er preposisjonar, ikkje retningsadverb. Men det er førelekken i eit ord som styrer kva slags fuge ordet får, og førelekkane *ut-* og *aust-* er heilt klart retningsadverb. Det burde difor vera heilt klart kva som er meint når det står «Alle retningsadverb får -an- som samansetjingsfuge» (mi understreking). Det tyder nettopp det som står uttrykkeleg i vedtaket, nemleg at *alle* retningsadverb, slik som til dømes *ut-* og *aust-*, får *-an-* som samansetningsfuge. Altso må det i samansetningar heita t.d. *utanfor, utanom, utanlands, utanlandsk, austanfor, austanom, austanfjells og austanfjelsk*.

Det liknar eit prokuratorknep når Språkrådet no seier at «endringene i 2012 bare gjaldt sammensetninger som er preposisjoner eller adverb. I dag står vi derfor med ulike normering i ordpar som *austanfjells* og *austfjelsk* og *utanlands* og *utalandsk/utanlandsk*.» Her har de altso lagt til grunn at ein skal driva ordanalyse av heile ordet før ein kan ta stilling til kva slags fuge retningsadverbet i byrjinga av ordet skal ha. Noko slikt har ein ikkje sett i noka tidlegare rettskriving, og det har sjølvsgatt ikkje dekning i noko talemål. Det er kort sagt ei heilt urimeleg tolking av vedtaket.

I Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk, som vart vedteke av Språkrådet 9. desember 2021, står det m.a. fylgjande under pkt. 7.2.2 Stabilitetsprinsippet: «Rettskrivinga av 2012 skal ikkje endrast vesentleg, men det kan gjerast mindre justeringar.» Endringsframlegget Språkrådet her legg opp til, er ikkje «mindre justeringar», det er ei større omvelting av fugebruken i ein sentral og høgfrekvent del av det norske ordtilfanget, der de nyttar nokre lågfrekvente ord som t.d. *austfjelsk* som brekkstong for å reversera eitt av dei få positive grepa Riise-nemnda gjorde for å få «ei tydeleg, enkel og stram norm» i nynorsk.

Sjølv om det både i målrørsla, hjå norsklærarar og i nynorskland elles finst ei sterk misnøye med den manglande normeringa av nynorsk, der det er altfor mange valfrie former, ser det ikkje ut til at det finst serleg vilje hjå Språkrådet til å ta innover seg dette problemet, heller tvert imot. I Noreg har me eit språkleg bokmålshegemoni, og den manglande normeringa av nynorsk medverkar til den sterke normoppløysinga ein ser hjå mange nynorskbrukarar, der dei er usikre på kva bokmålsord som er innanfor og utanfor ei utydeleg nynorsknorm, som i merkeleg stor grad har eit vell av bokmålsformer som er tillatne i det sentrale ordtilfanget, t.d. *da, følge, svømme, sette, ligge, brygge, søster, skole, øyer-øyene, tar-tatt, drar-dratt og nyte-nytt*. Her trengst det sårt til ei opprydding, der de set i gang med å stramma inn i ei utydeleg rettskriving heller enn å løysa opp rettskrivinga ytterlegare jamført med det Riise-nemnda gjorde.

Det burde vera sjølvforklarande at nynorsk både vert lettare å læra seg og læra bort dersom det har ei nokolunde einskapleg form, der ein møter dei same ordformene i ulike tekstar. Eit fyrste grep de kan gjera, er å leggja bort framlegget i punkt 4.3.1 i høyringsframlegget, og heller fylgja opp det som står

uttrykkjeleg i Riise-nemnda sitt vedtak, slik at *-an-* vert fastsett som fuge i alle ord som byrjar med retningsadverb som *ut-* og *aust-*.

Tilleggsmerknad til punkt 4.3.1 – Ordet *unna/undan* i samansetningar

I vedtakssak F3 35/21 i fagrådet for normering og språkobservasjon, der denne saka om fuge etter retningsadverb fyrst var oppe til vurdering hjå Språkrådet, er det lista opp dei førelekkane som Språkrådet meiner at vert omfatta av vedtaket om valfri *-a/-an-*. Der vert desse orda lista opp: *att-*, *aust-*, *bak-*, *bort-*, *fram-*, *heim-*, *hit-*, *inn-*, *ned-*, *nord-*, (*over-* (dvs. *ovan-*)), (*sør-* (dvs. *sønnan-*)), *sør-*, *ut-* og *vest-*.

I denne lista er det verdt å leggja merke til at preposisjonen *over* (*ovan-*) er med, men ikkje *under* (*undan-/unna-*). Same om utfallet av denne saka vert framleis obligatorisk *-an-* alle stader, slik Riise-nemnda fastsette, eller valfri *-an/-a-* føre konsonant, bør dei to orda *over/ovan-* og *under/undan-* handterast likt i former der *-an-* skal brukast som fuge, t.d. *ovanrenn* og *undanrenn*. Forma *undan-* står i nær samanheng med preposisjonen *under* (jf. ordparet *ovantil* og *undantil*), og har lang tradisjon i nynorsk. Ordet er utbreitt med *-nd-*uttale i dialektar der *d-*en er halden i konsonantsekvensen *-nd-*, medan ordforma *unna-* i liten grad har tradisjon.

Dersom *-an-* vert obligatorisk, bør *undan* og *undan-* verta eineformer, medan *unna(-)* bør gå ut av rettskrivinga.

Dersom *-an-* og *-a-* vert jamstilte, bør ordforma *undan(-)* knyta seg til *-an-*forma føre konsonant, medan ordforma *unna-* bør knytast til *-a-*forma føre konsonant, t.d. *undanbakke/unnabakke*. Føre vokal bør det i so fall her vera to jamstilte former, t.d. *undanelde/unnanelde*. Dette fylgjer av språksystematiske omsyn, som Språkrådet nemner under punkt 7.2.1 i *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*, av enkelheitsprinsippet, som står som punkt 7.2.5 i dei same retningslinjene, og av tradisjonsprinsippet, som står som punkt 7.2.7.

Med venleg helsing

Erlend Trones